



Ordfører Eli Berland  
Ordfører Ottar Harkestad  
Ordfører Siv Høgtun  
Ordfører Nils Kåre Skoge  
Byråd Filip Rygg  
Statens vegvesen Region vest

Dato: 17.01.2014  
Vår ref.: 2014/1015-1  
Dykkar ref.:

## Oppretting av kontaktutval for finansiering av Sotrasambandet

Eigarane i Sambandet Sotra/Øygarden – Bergen AS har i brev frå 14. mai 2013 ( sjå vedlegg) bedt om at Hordaland fylkeskommune tek initiativ til å etablere eit bompengeselskap for Sotrasambandet, som ledd i å følgja opp og avklara nærmare mogeleg finansiering av prosjektet med bompengar. Det er ikkje vurdert som aktuelt å etablere eit eige bompengeselskap for Sotrasambandet no, fordi arbeidet med bompengesøknaden kan skje uavhengig av eit bompengeselskap. I tillegg pågår det også eit arbeid med å utgreia eit eventuel regionalt bompengeselskap.

Hordaland fylkeskommune har begynt arbeidet med ein bompengesøknad for Sotrasambandet. Arbeidet med bompengesøknaden vil pågå parallelt med arbeidet med reguleringsplanarbeidet for Sotrasambandet. Når endeleg reguleringsplan for Sotrasambandet ligg føre i 2015, kan bompengesøknaden handsamast i kommunane og i fylkeskommunen. Deretter skal bompengesøknaden eksternt kvalitetssikrast (KS2), før vidare handsaming i Samferdselsdepartementet. Stortinget vil då kunna gjera vedtak om bompengefinansiering i 2016/2017, slik at byggearbeidet kan starta i løpet av 2017.

Det er etablert ei administrativ arbeidsgruppe for dette arbeidet med representantar for administrasjonen i Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Fjell kommune, Øygarden kommune og Sund kommune. Helge Hopen er innleigd konsulent i dette arbeidet. Det er no behov for å etablere eit styringssystem for å avklara prosjektporteføljen og rammene for arbeidet med søknaden. Eg vil difor invitera Dykk til å delta i eit kontaktutval for finansiering av Sotrasamabandet. Stad og tidspunkt for oppstartsmøte kjem eg tilbake til seinare,

Tom - Christer Nilsen  
fylkesordfører

Vedlegg: Brev frå 14.5.2013

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*